



# Bremanger Arbeidarparti

KEIOPEN TURLAG  
19 90  
BREMANGER KOMMUNE

POST



# BREMANGER ARBEIDARPARTI KOMMUNEPROGRAM 2023-2027

Kjærer veljarar.

Det igjen tid for kommuneval, og eg har stilt meg til disposisjon for ei ny 4 års periode som ordførar i Bremanger kommune. Ja, dersom veljarane ønskjer det slik!

Det er vel då du som veljar skal spørje deg om kvifor du skal stemme på Bremanger Arbeidarparti, og meg som ordførar?

Mest av alt så håpar eg at du som innbyggjar er fornøgd med vår lokalpolitikk, og arbeidet som er gjennomført i denne perioden. Det har vore fire krevjande år prega av koronapandemi og krigføring i Europa. Pandemien kom vi oss godt i frå der utfordringar vart løyst fortløpande, med god hjelp av tilsette, og alle innbyggjarar. Når det gjeld krigen i Ukraina og flyktningar så har Bremanger kommune i skrivande stund teke imot 31 flyktningar, og vi har sagt ja til å ta imot totalt 40 personar. Samtidig får vi sterke signal om at vi får oppmoding om å ta imot fleire. Bremanger Arbeidarparti er opptekne av at vi skal hjelpe mennesker i nød, men vi må til ei kvar tid vere sikre på at vi klarar å levere gode, og kvalitative tenester til den enkelte sitt behov. Vi må sikre at flyktningane vi tek imot trivast, vert godt integrert og forhåpentlegvis vil velje å busette seg her i kommunen.

Vi har i denne 4-års perioden hatt fokus på å komme oss ut av Robek lista etter mange år med arbeid på å få eit budsjett i balanse, og lite rom for investeringar. Ekstra gledeleg er det då at vi det siste året har kunne prioritert fase 1 i rehabilitering av uteområda på Svelgen og Hauge oppvekst, og fase 2 kjem i 2024. Vi har satsa på tilrettelegging av fasilitetar for turistnæringa med toalett i Vetvika, på Hunskår og teikningar for sanitæranlegg på Grotle er under arbeid. Turistsesongen og besökande har auka i omfang, og utvikling av denne betyr mykje for næringslivet i kommunen.

Bremanger har som andre distriktskommunar utfordringar med befolkningsnedgang. Skal vi lukkast med rekruttering og tilflytting må det jobbast kontinuerleg på ulike felt. Betre infrastruktur, etablering av nye arbeidsplassar, tilrettelegging for desentralisert utdanning, eit godt kultur- og fritidstilbod er viktig områder som vi arbeider med, og skal jobbe vidare med framover.

Bremanger Arbeidarparti med meg som ordførar er klar for 4 nye år. Vi vil arbeide for å skape gode lokalsamfunn i samarbeid, og ved god kommunikasjon med innbyggjarane, organisasjonar og næringsliv.

Godt val folkens!

Anne Kristin Førde

Ordførarkandidat

Ordførarkandidat

## Anne Kristin Førde



Bur i Bremanger. Født i 1965.

**Yrke:** Barne- og Ungdomsarbeiar, og mangeårig tillitsvald i Fagforbundet lokalt og på fylket.

**Verv:** Ordførar i Bremanger Kommune. Nestleiar i Bremanger AP, og styremedlem i Vestland AP.

**Hjartesaker:** Levere gode tenester til barn, unge og eldre. Bidra til at Bremanger kommune har eit engasjert, og aktivt ungdomsråd. Legge til rette for godt og styrka samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. Spele på lag med eit solid og framtidsretta næringsliv. Vil tilby heile, og faste stillingar i tenestene våre.

VÅRT VERDIGRUNNLAG:

## LIKE MOGELEGHEITER FOR ALLE

Arbeidarpartiet sin visjon er ei rettferdig verd utan fattigdom, der menneske er frie, likestilte og kan påverke sin eigen kvardag. Trygge menneske skapar trygge samfunn. Vi vil ha eit samfunn basert på fridom, solidaritet og like mogelegheiter for alle.

Bremanger Arbeidarparti vil arbeide for å skape gode lokalsamfunn i samarbeid og ved god kommunikasjon med innbyggjarane, organisasjoner og næringsliv.

I Bremanger har vi mykje industri, fiskeri og jordbruk som viktige næringar. Næringer som gjev eit godt levegrunnlag, og som vi har eit særskilt ansvar for å ta vare på. Saman med bedriftene vil vi arbeide for ei berekraftig, og framtidsretta utvikling med fokus på klima og miljø.

Bremanger Arbeidarparti vil arbeide for at dei kommunale tenestene skal driftast til det beste for våre innbyggjarar. Vi ynskjer derfor å utvikle Bremanger kommune ved å vektlegge god kompetanse og kvalitet i kommunale tenester.

Bremanger kommune si største utfordring er den demografiske utviklinga. Det må derfor etablerast ei utstrekta satsing på å få unge vaksne til å etablere seg i kommunen. Bremanger Arbeidarparti vil utvikle heile Bremanger kommune til ein trygg stad å bu og ein god plass å flytte til. Bremanger kommune skal vere eit trygt og godt samfunn for barn, unge, vaksne og eldre. Vi vil fortsette arbeidet med å vidare utvikle Bremanger kommune til ei framtidsretta og levedyktig kommune, med attraktive lokalsamfunn som legg til rette for busetting og næringsutvikling for å skape vekst og bulyst.



# BARNEHAGE OG SKULE

Bremanger Arbeidarparti vil at det skal drivast gode barnehagar og skular som tek i vare trivsel, tilpassa opplæring og eit godt læringsmiljø gjennom samarbeid med lokalsamfunnet.

## BREMANGER ARBEIDARPARTI VIL:

- Oppretthalde skule og barnehagestruktur som i dag.
- Fleksibelt barnehage- og Skule- tilbod som er tilpassa familien sitt behov.
- Sikre kvalitet og kompetanse i skule og BHG.
- Mål om kvalifisert personale i alle stillingar.
- Tilrettelegge for at arbeidstakarane kan ta vidareutdanning (studiedagar, stipend, vikar, frikjøp etc.)
- Tilføre ressursar for å gjennomføre tilpassa opplæring i skulen

# UNG I BREMANGER

Bremanger Arbeidarparti vil at det skal leggast betre til rette for at ungdom og unge vaksne skal trivast i Bremanger kommune. Det er viktig at dei unge er kjende med tilbod og mogelegheiter som vi har i kommunen.

## BREMANGER ARBEIDARPARTI VIL:

- Fortsette arbeidet med å styrke ungdomsrådet
  - Lytte til kva som er viktig for dei.
  - Sikre at dei vert høyrde i saker som opptek dei og få opp minst ei kommunestyresak som kjem frå ungdomsrådet årleg.
  - Sikre at ungdomsrådet har eige budsjett til aktivitetar for ungdom i Bremanger.
  - Arbeide for å skape møteplassar for ungdom. Fellesarrangement for ungdomane vil vere eit viktig satsingsområde.
- Fortsette å legge til rette for økonomisk støtte til arrangement og aktivitet.
- Legge til rette slik at alle kan delta på aktivitet.



# HELSE OG OMSORG

Gode likeverdige helsetenester skal vere tilgjengelege for alle når ein treng det. Bremanger Arbeidarparti vil ha auka satsing innan helsefremjande og førebyggjande arbeid. Vi ønskjer at eldre skal kunne bu heime så lenge dei ønskjer det når det er forsvarleg. Difor vil vi at det skal satsast meir på heimebuande eldre. Bremanger kommune skal investere i velferdsteknologi for å trygge tenestene og vil arbeide for å utvikle den digitale helsetenesta.

## BREMANGER ARBEIDARPARTI VIL:

- Arbeide vidare med rekruttering av ein 5. lege.
- Oppretthalde førstelinjetenesta med lege- og helsestasjon på Hauge og i Svelgen.
- Arbeide vidare med strategi for framtidig drift av lege- og helsestasjonstenestene i Bremanger.
- Styrke heimetenesta for eldre:
  - Tiltak for å gjøre det lettare for eldre å bu heime lenger, til dømes gjennom støtteordningar for å tilpasse bustad og eller tilgang til bustad.
  - Legge til rette for fleire eldretun.
- Nye tiltak for rekruttering av helsepersonell i omsorgstenestene og for å behalde dei som allereie arbeider i tenesta:
  - Profesjonalisere rekrutteringsprosessen.
  - Sjå på alternative turnusordningar for å skape betre balanse mellom arbeid og fritid.
  - Støtte til utdanning og fleksible studieordningar.
  - Auke tryggheit gjennom kompetanse og gode fagmiljø.



# MILJØ, NÆRING OG VERDISKAPING

Bremanger skal vere ein attraktiv kommune for næringslivet. Bremanger kommune har starta arbeidet med å revidere kommunen sin Strategiske næringsplan. Bremanger Arbeidarparti skal vere pådrivar for at målsetjingane og prioriteringane i den nye planen vert gjennomført. Vi vil arbeide vidare med å oppnå likeverdige nett-tariffar i regional- og sentralnett for kraftforedlende industri, samt å sikre konkurransedyktige kraftprisar for industrien.

Bremanger Arbeidarparti meiner at bruken av naturressursane skal vere på eit slikt nivå at ein ikkje øydelegg for framtidige generasjonar. Denne tankegangen må vise i all kommunalforvaltning og anna verksemد i alle samanhengar. Kommunen sin klima- og energiplan skal vere styrande for arbeidet med å nå kommunen sine klimamål. Bremanger kommune skal vere ein samarbeidspart for lokalt næringsliv i arbeidet med å nå klimamåla.

Vi vil ta aktiv del i å styrke og utvikle regionalt samarbeid innan fleire viktige områder. Vi ser det særskilt viktig å etablere eit tettare samarbeid på næring og samfunnsutvikling. Andre aktuelle tema og områder å samarbeide om i ein region vil vere samferdsle, klima, beredskap, kultur og utdanning. Dette vil vere viktig for både offentleg og privat sektor og Bremanger Arbeidarparti vil ta leiarskap for dette arbeidet.



## *Bremanger Arbeidarparti vil satse på:*

- Hurtigladestasjonar ved sentrale lokasjoner i kommunen.
- Satse på naturbasert reiseliv og turisme inkl. cruise.
- Legge til rette for jobbpendling.
- Arbeide for å få utvida parkeringsområdet på Oldeide.
- Reguleringsplan på Iglandsvik.
- Reguleringsplan i Kalvåg inkl. parkering.
- Være positive til lokal næringsutvikling.
- Arbeide for å redusere eigedomsskatten for bustad og fritid.
- Møteplassar mellom lokalt næringsliv og ungdom.
- Legge til rette for gjennomgangsbustadar for å kunne «prøvebu».
- Legge til rette for næringsareal i kommunen.



# SAMFERDSLE OG INFRASTRUKTUR

Skal næringa vår kunne utvikle seg er vi avhengig av at vi får på plass ein betre infrastruktur på veg og på sjø. Bremanger Arbeidarparti vil arbeide for å få realisert Svelgen-Indrehus, samt oppstiging frå Svelgen mot Isane. Vi vil fortsette vårt arbeid med å peike på viktige ferdsselsårar for arbeidspendling og for eksport av varer som vert foredla og produsert i Bremanger kommune. Vi vil ta initiativ til å få gjennomført tiltak, eventuelt gjennom spleiselas med fylkeskommunen, for å kunne få utbetra spesielt därlege parselar rundt om i kommunen.

## BREMANGER ARBEIDARPARTI SKAL ARBEIDE FOR:

- Oppstart av prosjektet FV 614 Svelgen-Indrehus, eventuelt starte med traseen med oppstiginga frå Rise – gjennom Kruna.
- Aktivt nytte statistikk som grunnlag for å argumentere for prioriterte vegprosjekt.
- Samarbeidsprosjekt med fylkeskommunen om punktvise utbetring av FV 616 Davik – Rugsund, FV 577 Frøysjøvegen (Myklebust-Årebrot), FV 572 Svelgen-Nesbø og FV 616 Kalvåg – Klubben.
- Utviding av ferjeavgangane Stårheim-Isane og Måløy-Oldeide som legg til rette for jobbpendling.
- Båtstopp i Leirgulen på alle ruter på Kystvegeekspressen.
- Betre tilkomsten ved Svelgen Kapell.

# LEVANDE LOKALSAMFUNN

Bremanger kommune si største utfordring er å lukkast med busetnad. Bremanger AP vil arbeide for å få på plass ei opplysande nettside der kommunen og dei ulike bygdene vert presentert med bustadomter og mogelegheiter. Sida skal brukast aktivt i marknadsføring av kommunen. Vi vil ha fokus på å knytte kommunen saman gjennom samarbeid på tvers av bygdene og lokalsamfunna.

Kommunen har eit rikt idretts- og kulturliv, ein trivselsfaktor som er viktig både for fastbuande og besøkande. Bremanger Arbeidarparti ynskjer at innbyggjarane i kommunen skal ha eit breitt idrett og kulturtilbod som styrkar fellesskapet mellom bygdene.

## *Bremanger Arbeidarparti vil:*

- Bremanger kommune skal vere ein aktiv støttespelar til små og store arrangement.
- Styrke biblioteka i kommunen og auke opningstidene.
- Økonomisk støtte til utviklingsarbeid i bygdene.
- Arbeide for at parkområdet i Svelgen sentrum vert utvikla i samsvar med reguleringsplan for området.
- Kommunen skal bidra til at oppføring av utleiebustadar vert realisert.
- Arbeide for realisering av symjehall i Svelgen med bruk av spillvarme frå Elkem.
- Digital hjelpe til eldre.
- Arbeide for tilrettelegging av minnelund.



# LISTEKANDIDATAR:

- |   |   |   |
|---|---|---|
| 1. Anne Kristin Førde<br>Bremanger, 58 år | 10. Aud Berit Mulelid<br>Kjelkenes, 58 år   | 19. Anne Sofie Igland<br>Bremanger, 49 år         |
| 2. Nils-Jørgen Sagebø<br>Svelgen, 59 år   | 11. Svein Klævold<br>Rugsund, 50 år         | 20. Knut Sande<br>Svelgen, 65 år                  |
| 3. Herborg Eikeland<br>Svelgen, 36 år     | 12. Kristin Vik Sparvath<br>Ålfoten, 40 år  | 21. Ada Francis Carazo<br>Marin<br>Svelgen, 38 år |
| 4. Bjarte Myklebust<br>Ålfoten, 37 år     | 13. Helge Svarstad Røys<br>Kalvåg, 40 år    | 22. Jarle Frøyen<br>Svelgen, 58 år                |
| 5. Ann Irene Myrheim<br>Kalvåg, 55 år     | 14. Ane-Mathea Førde<br>Svelgen, 26 år      | 23. Alf Stokkenes<br>Svelgen, 78 år               |
| 6. Leo Cirotzki Svelgen,<br>53 år         | 15. Alf Håøy<br>Svelgen, 51 år              |   |
| 7. Leif-Erik Senneset<br>Bremanger, 31 år | 16. Eirik Rylandsholm<br>Bremanger, 26 år   |   |
| 8. Camilla Landro<br>Svelgen, 31 år       | 17. Monica Liseth Hauge<br>Bremanger, 52 år |   |
| 9. Frank Midtbø<br>Svelgen, 57 år         | 18. Per-Helge Eikeland<br>Svelgen, 67 år    |   |



VIL DU BLI MED PÅ LAGET?  
SEND "NYMEDLEM AP" TIL 2077,  
ELLER MELD DEG INN PÅ ARBEIDERPARTIET.NO/BLIMED

DEI STORE OPPGÅVENE  
LØYSER VI BEST SAMAN.



Bremanger  
Arbeidarparti